

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Victoria Hotel, Stavanger
Møtedato	30.09.2005
Kl.	0900

Faste medlemmer til stades:

Nils R. Sandal (S og Fj – Sp)
Tor Bremer (S og Fj – A)
Mathias Råheim (S og Fj – H)
Hilde Kvamsås Aa (S og Fj – SV)
Roald G. Bergsaker (R – H)
Odd Arild Kvaløy (R- Sp)
Ola Ingvaldstad (R- Frp.)
Klara Tveit (R – SV)
Torill Selsvold Nyborg (H – Krf.)
Tom-Christer Nilsen (H- H)
Gisle Handeland (H- A)
Mette Holmefjord Olsen (H – SV)
Jon Aasen (M og R – A)
Olav Bratland (M og R – H)
Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)

Forfall til møtet:

Liv Signe Navarsete (S og Fj – Sp)
Eirin Kristin Sund (R – A)
Jan Magne Dahle (M og R – SV)
Inger Hanekamhaug (M og R – Frp)
Terje Søviknes (H - Frp.)

Varamedlemmer til stades:

Knut M. Olsen (S og Fj - Sp)
Frode Berge (R – A)

Det møtte ikkje varamedlem Jan Magne Dahle (M og R – SV), Inger Hanekamhaug (M og R – Frp) og Terje Søviknes (H - Frp)

Andre til stades:

Samferdselsdirektør Olav Brevik, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Liv Fredriksen, Rogaland
Seniorrådgjevar Matti Torgersen, Hordaland
Fylkesrådmann Per Drageset, Sogn og Fjordane

Sekretariat for møtet:

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 22.06.05 vart godkjend utan merknader.

Meldingar – Vestlandsrådet 2005-09-27

Periode 22. juni 2005 – 30. september 2005

Nr.	Arkivsak	Referansetittel
32/05	05/00041	Handsaming av høyring "Vestlandsregion eller vidare samarbeid"
33/05	05/00065	Statsbudsjettet 2006
34/05	05/00062	Masterplan Bergen Lufthamn, Flesland
35/05	05/00021	Tilråding frå Direktoratet for nautforvaltning om endring av verneforskrifter for sjufuglreservat i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylker
36/05	05/00044	Lokalisering av vindkraftanlegg – behov for regionale planar
37/05	04/03797	Besøk ved møte i Vestlandsrådet
38/05	05/00063	Samarbeid om samferdselskonferanse 2006
39/05		Haukelivegen AS
40/05	05/00061	Vestlandsrådet ber om auka midlar til regional utvikling og nyskaping

SAK 0037/05

Innspel til regjering og Storting om Marint Innovasjonsprogram (St. melding. Nr. 19 (2004 - 2005))

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet ser det som positivt og viktig for kyst-Noreg at det vert etablert eit nytt marint innovasjonsprogram og at ramma for programmet vert utvida i høve til eksisterande program.
2. Vestlandsrådet vil peike på det store unytta potensialet som ligg i dei marine næringane. For å realisere dette potensialet, er det trong for ei tung og langsiktig nasjonal satsing.
3. Vestlandsrådet vil foreslå at det vert avsett minimum 200 millionar kroner i statsbudsjettet for 2006 til eit program for marin innovasjon. Vi føreset at dette kjem i tillegg til dei ordinære midlane til Innovasjon Norge og Norges forskningsråd.
4. Tilsvarande løyvingar bør gjerast pr. år for ein 15 års periode framover. Desse må ikkje endrast i større grad frå eit år til eit anna,. Innovasjonsprogrammet må kunne rekne med stabile løyvingar i heile perioden.
5. I tillegg til å støtte felles nasjonale utfordringar, må programmet ha plass til å stø opp om regionale tiltak. Ein monaleg del av midlane i programmet må derfor øyremerkast det regionale verkemiddelapparatet. Dette vil vere i tråd med intensjonane i stortingsmeldinga om at næringsutvikling skal bygge på regionale føremoner.

SAK 0038/05

Vestlandsforsøket

VEDTAK:

Leiaren av Vestlandsrådet tek eit initiativ overfor samferdsledepartementet for å få endra praksis ved tildeling av midlar slik at Vestlandsforsøket får den reelle styringa som var tiltenkt.

SAK 0039/05

**Luftfart på Vestlandet
Rutetilbod /rutestruktur og avgiftspolitikkk**

VEDTAK:

Vestlandsrådet ber Samferdsledepartementet om å opne for at dei ulike lufthamnene på Vestlandet kan få tilpassingar i avgiftene som kan stimulere til eit betra rutetilbod.

Det er ein føresetnad at dette blir gjort på ein måte som ikkje gjev ulike konkurransetilhøve i marknaden.

SAK 0040/05

Finansiering av utviding av skulekonsert

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet er glad for utvidinga av skulekonsertordninga som no er planlagt.
2. Vestlandsrådet ber om at utvidinga av skulekonsertordninga må finansierast ved hjelp av friske midlar.
3. Kommunane sin eigendel må også framover gå tilbake til fylkeskommunane til styrking og utvikling av det profesjonelle musikklivet i fylka, først og fremst musikktilbodet til barn og unge.

Leiaren for Vestlandsrådet føl opp saka overfor Regjering og Storting i samband med arbeidet med Statsbudsjettet for 2006.

SAK 0041/05

Ressusbassert opplevingsnæringar i Vestlandsbygdene

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet vedtek at det vert starta eit arbeid med ei forstudie om "Ressursbaserte opplevingsnæringar på Vestlandet".
2. Arbeidet skal utviklast stegvis. I denne omgang ber ein om at forskingsmiljø på Vestlandet om å
 - oppsummere kunnskapsstatus
 - vurdere det økonomiske potensialet innan ressursbaserte opplevingsnæringar
 - strukturere, definere og rydde i omgrepa og såleis skape ein plattform for vidare arbeid
 - vurdere rammevilkår
3. Forstudien skal få fram potensiale og flaskehalsar og såleis medverke til å prioritere arbeidsoppgåver på Vestlandsnivået framover.

4. Vestlandsrådet løyver 350 000 kr. nto til arbeidet med forstudien.

SAK 0042/05

Auka oljepris og økonomiske konsekvensar for fylkeskommunane - fråsegn

VEDTAK:

Vestlandsrådet viser til den store auken i drivstoffprisane siste året. Prisauken får store konsekvensar for kollektivtrafikken. Tilskot til drift av bussar, hurtigbåtar og til ferjedrift må aukast monaleg som følgje av dette.

Vestlandsrådet føreset at Staten også dekkar auka drivstoffprisar til bussar, hurtigbåtar og fylkesvegferjesamband på same måten som Staten i samband med revidert budsjett har gått inn å dekkar auka ferjekostnader på riksvegferjene som følgje av auka oljepris.

SAK 0043/05

Kvikksølvlasta ved Fedje må fjernast - fråsegn

VEDTAK:

Vestlandsrådet ser med stor uro på den alvorlege trusselen kvikksølvlasta i U-864 på havbotnen utanfor Fedje representerer.

Vestlandsrådet vil be om at norske styresmakter no set inn alle nødvendige ressursar i arbeidet for å fjerna, ein gong for alle, den alvorlege faren dei enorme kvikksølvmengdene i ubåtvraket medfører for menneske, for livet i havet og for norsk fiskerinæring.

Det er dessverre grunn til å frykta at norske styresmakter har venta altfor lenge med å setja i verk nødvendige tiltak. Vestlandsrådet krev derfor rask og effektiv handling.

SAK 0044/05

Ressursøydande djupvassfiske med garn må stoppast - fråsegn

VEDTAK:

Ressursøydande djupvassfiske med garn må stoppast.

Det er med stor uro at Vestlandsrådet har tatt mot meldinga om øydinga av verdfulle fiskeressursar som følgje av eit uregulert djupvassfiske i områda søraust for Rockall.

Prosjektet "Deepnet", finansiert av Irland, men leia av norske forskarar, har avdekka at det kan stå garn av 300 kilometer lengde i sjøen som er etterlatne – truleg i hovudsak av spanske garnfiskarar.

Rapporten frå prosjektet syner også at det går svært lenge mellom kvar gong desse garna vert trekte. Fiskarane let garna bli ståande i havet og sjølvfiske slik at mykje fisk og krabbe vert liggjande i garnet og rotne. Dette er grov ressursøydelegging.

Problemet med "ghost-fishing" – som dette fenomenet vert kalla – har vore kjent lenge. Noreg har stara opprydding i egne havområde, og har utvikla spesialkompetanse på å få opp garna.

Til no har Irland og Storbritannia sagt seg villige til å betala for egne tokt, men EU-kommisjonen har ikkje løyvd pengar til opprydding. EU-kommisjonen har sendt ut på høyring eit forslag om å stoppa garnfiske djupare enn 200 meter i seks månader. Kommisjonen vil ha på plass eit regelverk som hindrar at kilometervis med garn står att i sjøen.

Fiskebåtreiaranes Forbund vil saman med miljøorganisasjonen Bellona arrangera ei høyring i EU-parlamentet om denne problematikken i løpet av hausten.

Fiskeressursane er under kraftig press, og slik "spøkelsesfisking" er meningslaus ressursøydelegging. Regelverket må sikra at slikt fiske ikkje er tillate, og det må etablerast ei god overvaking for å kontrollera at regelverket blir halde.

Vestlandsrådet vil på det sterkaste oppfordra norske styresmakter til aktivt å støtta dette initiativet, og å følgja saka aktivt opp med EU-kommisjonen.